



VEST - N O R G E S
F I S K E S A L S L A G

80 år
1946-2026

Et tilbakeblikk – Nils Myklebust
Årsmøte 28.04.2026

Vest-Norges Fiskesalslag 80år

Først av alt Gratulerer med 80-årsjubileet. La oss slå fast der ein høgst oppegående 80-åring som no skal feirast.

Eg er bedt om å gjere eit tilbakeblikk på disse 80-åra

Når ein skal sjå tilbake på kva som har skjedd i disse 80-åra, så slår det ein kor for ei rivande utvikling som har vore for fiskeria og omsetnaden i først Sogn og Fjordane Fiskesalslag og seinare etter samanslåinga med Hordafisk til Vest-Norges Fiskesalslag i 1988. Fiskealslaget har hatt mykje å seie for fiskarane i dette område.

Der har vore gjeve ut to jubileumsskriv eit ved 25år og eit ved 50år, noko av det som eg har teke med her er ifrå disse to skriva.

Resten er slik eg huskar det frå den tid min far Nikolai Myklebust var formann i 23år frå 1963-1986 og frå mi tid som varaordførar og seinare ordførar i representskapet, skulle eg ha huska noko feil så ber eg om orsaking for det.

Bilde: Styret frå 25 års jub. i 1972:



Johannes Holvik, Johs Oddekalv, Paul Erdal (revisor), Nikolai Myklebust, Geirfinn Inselseth, (disponent) Astor Hauge og Anton Landøy (vara)

Det som nesten er ein gjennomgangstone er at kvar tid hadde sine løysingar og det er derfor naturleg at det som var dei store utfordringane rett etter andre verdenskrig og i dag er heilt forskjellige.

Storebror innan kvitfisk- omsetnaden er Norges Råfisklag, laget vart stifta i 1939. Deira dekningsområde var frå Finnmark, til Vevang på Nordmøre- Sunnmøre og Romsdal Fiskesalslag som vart stifta i 1945, hadde sitt dekningsområde frå Vevang til grensa til Sogn og Fjordane Sogn og Fjordane fekk sitt Fiskesalslag etter ei masse møte som vart innkalla til i Florø den 27. mai 1946.

Den såkalla Råfisklova vart vedteken i Stortinget 18.6.1938 og det var denne lova som gav fiskarane rett til å danne lag for omsetnaden av fisk på første hand.

Der vart så vald ei arbeidsgruppe, disse skulle legge fram ei innstilling til årsmøtet i Sogn og Fjordane Fiskarlag den 26-27aug same år. Så her hasta det.

13.desember i 1946 vart Sogn og Fjordane Fiskesalslag stifta.

Disse var laget sit første styre:



Anders Nordstrand, Bertel Tungodden,,Hans Oppedal (formann)
M. Knutsen (disponent), Alf Torvanger, Johannes Leganger.

Bakgrunnen til at Fiskesals laget vart stifta var at fiskarane hadde behov for ei organisert omsetnad av fisk, det var mangel på mottak og ein må sjå det i lys av dette at laget fekk bygd opp fleire fiskemottak på Bulandet, Bremanger,, Solund ,Kalvåg og Raudeberg.

Desse anlegga var viktig for at fiskarane skulle ha nokon plass å levere fangstane sine. Omsetnaden av pigghåen var Sogn og Fjordane stort sett åleine om i Norge.

Dette fisket starta på 1930-talet og der står at Fritjof Vedvik fiska pigghå på Aktivneset og førde den levande til land i ein brønn. Denne brønnen var ikkje tett mot lugaren framme og vatnet stod då opp på dørken i lugaren og dei måtte stå på benkane for å kle på seg om morgonen..

Dette står i stor kontrast til dagen båtar.

Pigghåfisket utvikla seg i åra etter krigen til å verte eit svært stort fiske, enkelte år vart det landa over 30-tusen tonn pigghå, like mykje som eit middels godt lofotfiske og det fortel sitt.

På dette område så utvikla Fiskesalslaget eit tett samarbeid med kjøparane som stod for den private omsetnaden.

Her forhandla styret med kjøparane om pris og det vart sagt at dei enkelt gonger kløyvde eitt-øringane.

Men det vart eit stort men, Fiskesalslaget sine anlegg kjøpte til same prisane og av og til betre for å oppretthalde prisen. Dette vart etter kvart ei stor byrde.

Ordtaket om at å tene to herrar har alltid vore vanskeleg så også her. Men dette må sjåast i det lyset av at dette kom som ein del av oppbygginga etter krigen og då ser bilde med eit annleis ut.

Men dette tjente fiska rane på sikt. Prisforhandlingene kunne til sine tider være nokså steile fronter på.

Det seiast at far min Nikolai Myklebust måtte ut på gata i berre skjorte ermane og henta inn at kjøparar som hadde forlete forhandlingane i raseri. Dette skjedde meir en ein gong.



To særdeles gode venner. Fisker og mangeårig styreformann i Salslaget, Nikolai Myklebust, i hyggelig passiar med adm. dir. Knut Domstein. Over prisforhandlingsbordet kranglet de, utad sto de skulder ved skulder.

Disse forhandlingane var slik at kvar kjøper hadde sine båtar knytta til seg, og når Fiskesalslaget hadde vorte einige eller hadde diktert ein pris så måtte den enkelte fisker lage avtale med sin kjøper før dei kunne gå på sjøen.

Dette medførte også eit nært samarbeid ,mellom det enkelt fiskefartøy og kjøper. Mange av fiskarane var ikkje gode i engelsk, derfor var det ofte kjøparen som hjelpte dei med for ekst garantiar om det trengtest både på Shetland og Hebridane. Dette var unikt i landsamanheng. I Nord-Norge så var der ikkje dette nære samarbeidet mellom aktørane på ein slik måte.

Det var heller ikkje uvanleg at kjøperane var behjelpeleg med finansiering av fiskefartøy, nye så vel som eldre innkjøp. Eg kjenner til at der i eit tilfelle så var der ein fiskar som ville kjøpe seg ein betre. Men brukt båt, hadde smått med midlar og gjekk til sin kjøper for å be om garantiar. Kjøparen svarte at garantiar til kjøp av eldre fartøy fekk han ikkje, men om han vill gå for eit nybygg så skulle han få det han trengde. Dette fortel både om tilliten som var mellom kjøparane og fiskarane og kor framsynte dei var.

For den nære kystflåten så var disse prisforhandlingane av stor betydning, då dei i lita grad kunne selje fisken sin på auksjon.

Etter krigen så vart også ei rekke lover vedtekne som omhandla alt frå tilverknad til eksport, alt dette hadde innverknad for Fiskesalslaga.

Kriser i omsetninga var nokså vanleg, dette handla ofte om ting som skjedde ute i verda. Disse krisene måtte også Fiskesalslaga handtere til det beste for fiskarane.

Når disse krisene oppstod så vedkom det også dei andre Fiskesalslaga, Sunnmøre og Romsdal var nok det nærmaste, men også Råfisklaget sitt distrikt 10 som var i Kristiansund var ein viktig part, forskjellen på disse to laga og Råfisklaget var nok at råfisklaget hadde sine minsteprisar som var omsetningsprisar Dei to salslaga i sør selde på auksjon. Det er i dag den mest vanlege omsetningsforma.

Vi opplevde ofte Sunnmøre og Romsdal Fiskesalslag som sta og stridige.

Vi måtte opp til Ålesund for å skrive oss på liste om vi ville ha fangsten omsette igjennom dei. Dette synest vi var ei tungvint ordning, men dei var stridige på at salet måtte forgå etter tørn som vart bestemt på det klokkeslettet vi kom til land, denne lista hang i oppgangen til Fiskesalslaget i Ålesund.

Denne kunne ein skrive seg inn i på kveld og helg. Etter nokre år så vart dette oppmjuka til at vi kunne køyre opp med bil og skrive oss på, i staden for å reise opp med båtane, seinare vart det slik at vi kom på tørn 6-timar etter at vi kom til land i Måløy.

Vi var likevel med på den ekstra finansieringa som måtte til i Sunnmøre og Romsdal Fiskesalslag på slutten av 80-talet der lagsavgifta var auka med 1 % som skulle gå til å dekke underskotet i Sunnmøre og Romsdal Fiskesalslag som hadde sin bakgrunn i 2 forskjellige saker. Dette varde i ei avgrensa periode. Så fiskarane ifrå vårt distrikt ville ha denne omsetningsforma med auksjonar. faren for at Sunnmøre kunne vorten lagde under distrikt 10 i råfisklaget var nok reel og dette ville dei ikkje ta sjansens på.

På styremøte i Sunnmøre og Romsdal Fiskesalslag vinteren 1988 så kom det for ein dag eit svært stort underskot på dei eige annlegg som var i Skarevika i Ålesund. Der hadde dagleg leiar i lengere tid fuska med verdien av varelageret og når det ikkje gjekk lengere så forfalska han kontoutskriftene frå banken.

Dette fekk direktøren i Sunnmøre og Romsdal fiskesalslag skulda for med at han ikkje hadde fulgt godt nok med og styret ville avsette han. Direktøren var ueinig i dette og sa at han var lurt av ein truverdig medarbeider og ikkje berre han, men også revisor. Dei andre tilsette stilte seg bak direktøren og gav beskjed om at måtte han gå av, så gjekk dei også.

Dette var no svært alvorleg. I april same år så var ordførar i representantskapet til Sunnmøre på veg heim med ny båt.

Han fekk då telefon frå ein ekspedisjonssjef i Fiskeridep som hadde med salslaga å gjere med den klare meldinga at om dei no ikkje rydda opp så vart dei lagd under Råfisklaget distrikt 10 Kristiansund. Det som det her stod på var om ein i framtida skulle ha auksjon system eller ikkje.

Styret med leiar bøygde då av og Direktøren vart sittande og dei innførde denne 1% og laget var berga til beste for fiskarane og kjøparane på vestlandet. Mange drog ein lettlesen sukk.

Samanslåinga av Hordafisk og Sogn og Fjordane Fiskesalgslag ville heller ikkje verte slått saman med Møre og Romsdal, dette var nok med på påverke også denne samanslåinga. Til Vest-Norges som var på same tida.

Konkursen i Hordafisk var ei faktum i 1988 Dagfinn Hellen var på den tida nestleiar og måtte ta over leiarroll på grunn av at leiar hadde vorten sjuk. Grunnen til konkursen var ein filetfabrikk som dei bygde i Glesvær som berre leverte raude tall. Den nyttilsette direktøren meinnet at der var ikkje nokon veg utan om.

Vaglet stod mellom Rogaland Fiskesalgslag og Sogn og Fjordane, dei valde Sogn og Fjordane.

Jostein Sandøy vart den første formannen i Vest-Norges Fiskesalgslag og Dagfinn Hellen vart den første nestleiar

Dette vart gjort på eit stort møte som var på Lerwick på Shetland der alle frå Hordaland og Sogn og Fjordane var samla.

Shetland var viktig for vestlandfiskarane og dei hadde gode forbindelsar der til. Ei Dame som hitte Ruby Irvings gjorde ein kjempejobb for dei norske fiskarane , ho var behjelpeleg med å være tolk då ho hadde lært seg norsk. Ho hadde også ein radio ståande i butikken sin som ho lytta til på fiskeribølga 2346khz. Fiskarane ropte mange gonger på denne bølga «Ruby ,Ruby kan du høyre oss» og så bestilte dei det dei trengde enten det var olje, dokter eller is og kva tid dei var inne i Lerwick.

Dette store arbeide gjorde ho utan betaling.

1989 så fekk ho den høgste utmerkinga som noko utlending kunne få frå Kong Olav, der er berre to personar som har fått slik utmerking og ikkje er norsk statsborgar og det fortel sitt.

I fjord så kom hennar son til Måløy og overrekte denne medaljen til Måløyraidsenteret og der er den utstilt i dag.

Salslaga samarbeida om ei rekke ting, dei var reise saman til både København og Bornholm saman med Sunnmøre og Romsdal, dette for å sjå korleis dei andre nordiske land organiserte sine omsetnader av fisk.

Auksjonane mellom salgslaga.

Når vi så skulle losse fangsten og auksjonane hadde gått i mellom Råfisklaget, Surofi og Vest-norges, så måtte vi gå til den kjøparen som hadde det høgste bodet på den arten. Vi fekk ikkje løyve til å sende til dels små slumpar med bil, vi måtte gå med båtane. Det var ikkje uvanleg at ei slik lossing tok 3-dager Dette vart det heldigvis slutt på når vi starta å losse på fryseterminalane, der fekk vi losse alt på ein plass slik det er i dag, men dette kom ikkje i stand før seint på 90talet. Dette var eit hundeliv for skipperane, vi lossa og passet vekta om dagane og skreiv setlane og gjekk mellom losseplassane med natta.

Dette systemet var Vest Norges fiskesalslag ein pådrivar å få endra.

Fersk sei.

Før så var seifisket med garn eit sesongprega fiske som stort sett var om vinteren, men på 70/80-talet så vart det også eit haustfiske i Nordsjøen, mykje av denne seien gjekk til salting og klippfisk. Men om haustane og tidleg vinter så var der marknaden for fersk sei til Europa og spesielt Frankrike. Det utvikla seg då eit marknad i Måløy som seinare også vart på Sunnmøre. Det skjedde ofte at kjøparane tok kontakt direkte med båtane eller Fiskasalslaget og tilbydde ein pris om vi kunne være inne på dei og dei dagane, dette var grunnlaget som vi fiskarane hadde for å enten takke ja eller nei til. Ofte vart prisen betre fordi at der vart køyrt auksjonar, når Sunnmøre vart kopla på. Vi måtte forplikte oss til å gå opp til Møre om det så var for ein 5-øring ekstra, ikkje alle likte dette, men ville du være med på framtidige auksjonar så måtte du det. Det var ofte ikkje den siste 5-øringen som vart avgjerande, men at du fekk kjøparane med på auksjonen, dette var like spennande kvar gong.

Når vi snakkar om kriser så kjem vi ikkje unna tørrfiskkrisa som oppstod i 1982 som følge av eit statskupp i Nigeria, der dei militære overtok styringa, dei innførte innport restriksjonar på fisk. All den fisken som var hengt til tørking i heile lande berekna på denne spesielle marknaden var det ikkje lengre avsetning for. Dette førde til to store problem, det eine var at kjøparane hadde bunde sin kapital til denne fisken og trengde lagerplass.

Dette førde til at vinteren i 1983 så stoppa all omsetning av sei opp. Der låg over 600 tonn på kjøøl i Ålesund og eit par hundre tonn på kjøøl i Måløy som det ikkje var omsetning for og krisa vart eit faktum.

I 1964 så vart det framforhandla ein hovudavtale mellom staten og Norges Fiskarlag. Avtalen skulle dekke opp avstanden mellom det som var nødvendig for at fiskarane skulle ha ei inntekt og det som var mogeleg å oppnå ute i marknaden. Dette var det Fiskesalslaga som etter forhandlingar fekk fordel seg imellom. Dette var det stor strid om. Fiskarane i nord vart forfordelte i forhold til oss i sør.

Der vart i 1983 valt eit utval som reiste til Oslo og forhandla i Fiskeridepartementet om dette om denne krisa.

Tor Listhaug var fiskeriminister og Johan J, Toft var formann i Norges Fiskarlag.

Frå Sogn og Fjordane så var i tillegg til far og Geirfinn Inselseth også to av kjøperane med , Knut Domstein og ein til.

Denne historia vart meg fortalt av Knut Arne Høyvik som var med frå Sunnmøre.

Dette var i Fornebu sin tid. Dei reiste på same fly får Ålesund, og dei fleste tok drosje inn til Fiskeridepartementet. Far som var ein som ikkje sløste med fiskarane sine midlar tok buss.

Han kom då sist inn i møte og vart sittande på enden av bordet, der la han den store skipperhua frå seg, den vart liggande på bord kanten og byråkratane var mest opptekne av om ho datt ut av borde eller ikkje.

Far opna med «Ærede statsråd Listau». Seinare i møtet så når det tilspissa seg så vart det «Du må skjöne det guten min at dette må departementet vere med på».

Det lengste statsråden kunne strekke seg var å sjå på saka, kravet var å få i stand sal av den fisken som var på lager og å skaffe kredittar til kjøparane slik at dei kunne kjøpe det som låg på kjøp i Ålesund og Måløy. Der var midlar som kunne disponerast frå Støtteavtalen til dette.

Så hardna forhandlingane til Statsråden ville ikkje love noko og då sa Nikolai. «Her er vi komne og her sitter vi til vi har fått ei løysing»

Då svar Statsråden « Da kan du nå komme til å svelte ihel her inne Myklebust» til det svara Nikolai fyljande « om eg svelt ihel her eller eg vert ihelslegen når eg kjem heim går på eit ut så eg sit»

Då gjekk statsråden og Johan J. Toft inn på eit anna kontor og når dei kom ut så var saka løyst og dei kunne reise heim og omsetninga starta på nytt.

Det som hadde gjort fiskarane i Sogn og Fjordane så rasande var at i Råfisklaget det pristilskotet var innbakt i deira prisliste så var der meir i tilskot på småsei en det kjøparane betalte og så skulle våre fiskarar ikkje få ta del i dette, heilt urimeleg.

Småseien som var fiska med not i Sogn og Fjordane måtte kjøperane betale for i motsetnad til i Råfisklaget.

Ei sak som dukka opp i samband med denne krisa var at Fiskesalglaga både på Sunnmøre og Sogn og Fjordane ikkje hadde lov til å regulere fisket på fjerne farvatn på grunn av avsetningsvanskar, slik dei hadde i nære kystområde. Dette vart teke opp med Fiskeri dep og så sende dei en søknad om å få ein slik heimel. Den fekk dei ut på hausten i 1983 krisa på omsetning var der fortsett og prisane var lave og omsetnaden var noko treig. Når denne godkjenninga vart kjent så vart salslaget kontakta av fleire kjøpere med spørsmål om dei verkeleg hadde tenkt å stoppe fisket.

På eit styremøte i Sunnmøre og Romsdal Fiskesalgs lag så vart det diskutert korleis dei skulle gjere dette med minsteprisane.

Då foreslo Salssjefen at dei skulle sleppe prisane fri på bankfiske, Lange , Brosme og Blålange og slik vart det. Det som då skjedde var at fleire kjøparar starta å by på fisken og prisane steig. Grunnen til dette var nok at kjøparane ikkje ville at prisen skulle gå legere ned med den fylje at deira varelager vart mindre verd.

Anlegga i Sogn og fjordane.

Då far vart valt som formann i 1963 så var deira første oppgåve og prøve å få selt dei omtala anlegga. Dei var vorten ein stor klamp om foten. Gjelda var opparbeida og var mykje større en verdien. Dei måtte då få hjelp frå staten for å tette dette gapet elles så hadde ikkje Sogn og Fjordane Fiskesalslag pengar til å betale fiskarane. Det var ikkje få tiggjarferder far var på både i i Fiskeridepartementet og i Norges Bank i Bergen. På denne tida så var det vanskeleg å få kreditt, i dei vanlege bankane, dei hadde avgrensing i kva dei kunne låne ut til sin kundar som var kjøparar. Fiskesalslaget måtte hjelpe dei med slike kredittar, noko dei også gjorde og dette var viktig for at kjøperane kunne kjøpe fisken.

Klippfisk- eksportørane selde som oftast på noko dei kalla Rembursar, dette var ein form for garanti for oppgjær, men først etter 180dager i Brasil. Dette førde igjen til at fiskarane måtte

vente lenge på oppgjør for fangsten. Så seint som i 1986/87 så venta vi i opptil 9mnd på oppgjør i Ålesund og det var i ei tid med 15-16%rente, tenk om det hadde vore slik i dag.

Då hadde det vorte ramaskrik. Tida for kva tid fiskarane skulle få sitt oppgjør var viktig og ei sak som gjekk stadig igjen både på Årsmøta og i styremøta.

Fiskesalgsлага har i alle disse 80år stått for garantert oppgjør til fiskar ein svært viktig funksjon. Men i dag er det lita tid å vente på pengane etter at fisken vert seld, kjøparane må stille med garantier for å kunne delta på auksjonane.

Mange av kjøparane hadde eit nært forhold til min far, men dei greidde å skile rollene sine, mykje av dette var tufta på at dei stort sett var i same båt og begge var avhengige til kvarandre. Så om forhandlingane om prisane var til tider oppheta så var dei likevel venner.

Mange hadde eit nært forhold til båtane og all denne radio trafikken gjekk på opa line over kystradioane. Når Jon Skår som vi hadde til hold med hadde snakka med far på fiskefeltet over radio så ringte han til ho mor med rapport om at dei hadde det bra. På den tida så var det stort sett berre skipperane som snakka heim med konene sine og så ringde dei andre konene til mannskapet henne.

I boka om 50års jubileet i 1996 så er både Rolf Domstein og Jon Skår interjuva og dei berømte Fiskesalslaget for det arbeide dei har bidrege med på mange plan til fiskarane og kjøparane sitt beste

Seilfjellulukka i 1971.

Den var ei stor tragedie. Eg huskar godt den dagen vi hadde vore i Måløy for å gjere oss klare med seigarna, men vêrmeldingane var så dårlege at vi reiste heim. Då vi kom heim på fjellet så kom ho mor ned på vegen til oss og sa at far måtte komme i telefonen med ein gong det var Geirfinn Inselseth som ringde. Han fortalte at MS Seilfjell av Silda var sakna. Han snudde då og reiste til Måløy att, der samla dei seg ei rekke skipperar på Fiskesalslaget sitt kontor og diskuterte kva dei skulle gjere, vêret var svært dårleg. Dei fordelte seg då på fleire av dei større stålbatane for å gå ut når det lysna av dag. Dette prega heile Måløy- samfunnet.

Leitinga gav dessverre ikkje noko resultat, dei fant ein redningsflåte som mest sannsynleg ikkje hadde vore i bruk.

I 1972 i november vart det første sikkerheitskurset for fiskarar i Norge halde, vi skulle vere 12personar, vi var 25 som deltok. Dette vart i stand i eit samarbeid med Fiskesalslaget, Fiskarlaget, Heimevernet og Havtrygd. Kurset varte i 5dager og vart seinare malen på sikkerheit kurs for fiskarar i heile Norge.

Dette fortel at Fiskesalslaget engasjert seg i mange fleire felt en det å selje fisken sjølv om det var hovudoppgåva.

Kvoteproblematikken.

På 80-talet så fekk vi for første gong kvoter på torsk og hyse og seinare sei. Her fekk Fiskesalsлага ei rolle med å kontrollere sin eigaren om dei overheldt kvotene som dei fekk tildelte eller ikkje, denne rolla som kontrollerande har seinare vorte nokså omfattande.

Fiskesalagslaga har såleis ei rekke oppgåver som dei gjer for storsamfunnet, ei rolle dei er svært flinke på.

Representantskapet si rolle.

Den er stort sett som i dag, men der var då slik eg huskar det at den valde Ordførar vart orientert av Nikolai når noko stod på, dette var viktig fordi at det Ordførar som representerte eigarane. Seinare så bestemte eit årsmøte at Ordførar skulle være med på styremøta utan stemmerett, men med tale rett. Dette var ei ordning som fungerte bra etter mitt syn.

Høgsterettsdomen i 1997 og Norges Fiskarlag.

Sidan Fiskesalgslaga vart oppretta så var det ei lokale Fiskalaga som valde representantskapet i Fiskesalgslaget. Fiskesalgslaga trekte fiskarane på setelen med det som Norges Fiskarlag fekk av fangsten. Dette vart det slutt på som fylje av ein dom i ei sak som Norges Kystfiskarlag anla mot finansieringa av Norges Fiskarlag.

Saka hadde sin bakgrunn i at der vart brot imellom nokre fiskarar , mest i Lofoten som melde seg ut av Norges Fiskarlag og danna Norges Kystfiskarlag.

Dei ville ikkje lengre være med på å finansiere Norges Fiskarlag, men heller bruke midlane på eige lag. Derfor vart heile ordninga med både val av representantskap i Fiskesalgslaga og finansieringa av faglaga endra som fylje av denne domen.

I nyere tid har vi inntrykk av at det ikke har vært noen store kontroverser mellom kjøpere og fiskere her i vårt distrikt bortsett fra konflikten mellom Pelagia og Sildelaget.

Fred og fordragelighet har preget perioden kan vi si.

Vi har sett at salgslagene har måtte gjøre forskjellige tilpasninger til måten de er organisert på ved at det blant annet skal være minimum 40% fra hvert kjønn i styrene, og i fjor kom «kravet» om at 25% av styremedlemmene skal være eksterne.

I tillegg så har departementet hatt en stor og grundig gjennomgang for å se om måten fiskesalgslagsloven blir praktisert på oppfyller intensjonen med loven fra den tid den ble vedtatt i 2014.

Så vi får vente i spenning på hva som kommer ut av det.

Med dette tilbakeblikket så vil eg få ynskje Vest-Norges Fiskesalgslag til lukke med 80års jubileet og med dei neste 80åra.

Takk for meg.